



## Spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2005 (V-0534 N)

### Orientering om tilskotsordninga

#### 1. Innleiing

Denne foldaren er utarbeidd på bakgrunn av bestemmingane til Kultur- og kyrkjedepartementet i "Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2005" (V-0732).

#### 2. Krav til søknaden

Søklarar om tilskot av overskotet av spelemidlane til idrettsanlegg kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag eller organisasjonsledd i NIF eller andre samanslutningar.

For samanslutningar må vedtektene godkjennast på førehand av departementet. Dette gjeld ikkje idrettslag eller organisasjonsledd i NIF. Det blir lagt vekt på om vedtektene har eit innhald som sikrar idretten og/eller det offentlege kontroll med eigarforhold og drift.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot frå spelemidler ikkje skal vere grunnlag for fortjenestebaserte eigarformer eller gjerast om til fortjeneste for private eigarar.

#### Kostnadskrevjande anlegg

Dersom andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søklarar for store kostnadskrevjande anlegg (investerings- og driftsmessig), må ein krevje grundige planar frå søkjaren både når det gjeld finansiering og drift av anlegget. Dersom planane ikkje er godt nok dokumenterte, skal søknaden ikkje godkjennast.

Når andre enn kommunar eller fylkeskommunar står som søklarar, krevst det kommunal/fylkeskommunal garanti for søknaden. Ein viser til V-0732.

#### Element med rett på tilskot

Det kan søkjast om tilskot til bygging/rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd, og som ikkje er underordna kommersielle interesser. Tilskota er knytte direkte opp mot aktivitetsareal.

#### Søknadsprosedyre

Søknad om tilskot til idrettsanlegg skal fremjast gjennom eller av kommunane på eit eige skjema som ein kan få ved å vende seg til fylkeskommunane eller idrettskretsane eller laste ned frå nettsida til departementet [www.dep.no/kkd/norsk/idrett](http://www.dep.no/kkd/norsk/idrett).

Det er særleg viktig å merke seg dette:

- Planane for idrettsanlegg må vere godkjende på førehand av departementet, med unntak av dei anlegga som kan godkjennast av kommunane, jf. V-0732.
- Kommunane fastset ein eigen frist for søknad til anlegg i eigen kommune. Denne fristen må fastsetjast slik at søknadene i formell orden, innstillinga frå kommunen til søknadene og prioriteringa av dei, blir sende til den aktuelle fylkeskommunen innan 15. januar kvart år.
- Søkjaren må ha tinglyst eigedomsrett til grunnen under anlegget, tinglyst festerett til grunnen under anlegget eller tinglyst leigeavtale på minimum 40 år. Dette gjeld ikkje kommunale eller fylkeskommunale søkjarar, og heller ikkje der anlegget er plassert på kommunal eller fylkeskommunal grunn. I heilt spesielle tilfelle kan departementet dispensere frå dette kravet.
- Eit detaljert kostnadsoverslag der ein mellom anna har teke med opplysningar om mengd, skal følgje søknaden.
- Postane i finansieringsplanen må vere legitimerte, til dømes med kopi av lånetilsegner, løytingsvedtak, kontoutskrift frå bank osv.
- Dugnadsposten må innehalde ei detaljert oversikt med kva slags arbeid som skal gjerast, og ei oppgåve over kva dette er prisa til i kostnadsoverslaget.
- Ein plan for drifta av anlegget skal følgje søknaden. Planen skal vise korleis søkjaren har planlagt drifta av anlegget med omsyn til bruk, vedlikehald og økonomi. Det er ein føresetnad for løyving av tilskot at det anlegget det blir søkt om tilskot til, står i ein kommunalt vedteken plan for idrett og fysisk aktivitet.

### **Rekneskapsplikt**

Anleggseigaren har plikt til å føre rekneskap i tråd med dei retningslinjene som departementet har fastsett.

### **3. Krav til drifta av anlegget**

#### **Ope for idrettsleg aktivitet**

Anleggseigaren har plikt til å halde anlegget ope for idrettsleg aktivitet i 40 år frå anlegget er ferdigstilt. Dette vil seie plikt til å drive på årsbasis eller – for idrettar som har faste sesongar – på sesongbasis.

Nedlegging eller bruksendring av anlegget i denne 40-årsperioden skal ikkje skje, med mindre det ligg føre skriftleg samtykke på førehand frå departementet. Dersom anlegget blir mellombels stengt for tre månader eller meir, pliktar anleggseigaren på førehand å orientere departementet. Denne plikta har også kommunen.

Departementet har rett til å setje vilkår for slik mellombels stenging av anlegget. Blir anlegget ikkje opna i løpet av seks månader, blir stenginga rekna som misleghald, med mindre det ligg føre godkjenning frå departementet for ei slik lengre stenging.

Dersom den framtidige drifta av anlegget er trua, skal anleggseigaren utan ugrunna opphald orientere departementet om dette. Denne plikta har også kommunen.

#### **Godkjend teknisk stand. Vedlikehald**

Anleggseigaren pliktar å halde anlegget i godkjend teknisk stand og sjå til at ein følgjer dei forskriftene for sikkerheit som gjeld for det aktuelle anlegget. Elles skal anlegget haldast ved like slik at det ikkje blir i dårlegare forfatning utover det som

følgjer av normal slitasje og elde.

Anlegget må vere funksjonelt for den eller dei idrettane det er meint for. Anleggseigaren må – så godt det let seg gjere utan vesentleg kostnad – prøve å oppfylle eventuelle nye krav til utstyr og anlegg som måtte komme i dei aktuelle idrettsgreinene.

### **Rettslege og faktiske disposisjonar over anlegget**

Overdraging eller deling av anlegget skal ikkje skje utan skriftleg samtykke på førehand frå departementet. Dette gjeld uavhengig av om overdraginga skjer mot vederlag eller ikkje. Det same gjeld overføring av drifta av anlegget til andre enn tilskotsmottakaren.

Pantsetjing av anlegget i samsvar med finansieringsplan blir normalt godkjend når søknaden blir innvilga. Pantsetjing av anlegget som ikkje er omfatta av finansieringsplanen, krev samtykke på førehand av departementet.

### **Delutbetaling**

Ved delutbetaling av tilskotssum pliktar anleggseigaren å ferdigstille anlegget innan den fastlagde tidsplanen.

### **Misleghald og misleghaldsverknader**

Dersom eitt eller fleire av dei vilkåra som er nemnde ovanfor, blir misleghaldne, kan departementet krevje å få tilbakebetalt tidlegare utbetalt tilskot, med tillegg av 5 % rente i inntil to år, innan 30 dagar etter at departementet har sett fram skriftleg krav om slik tilbakebetaling. Dersom anleggseigaren ikkje betaler innan den fastsette tidsfristen, vil departementet drive inn kravet.

Som misleghald reknar ein alltid at anleggseigaren avviklar drifta, innstiller betalingane, søker gjeldsforhandlingar, går konkurs eller blir sett under tvangsforfølging. Som misleghald reknar ein også rettsleg eller faktisk disponering over anlegget utan samtykke på førehand frå departementet etter punktet "Rettslege og faktiske disposisjonar over anlegget".

## **4. Tilskotssum**

Der ikkje anna er bestemt, kan ein få tilskot til ordinære anlegg inkludert rehabilitering, på inntil ein tredel av godkjend kostnad. Maksimal tilskotssum er kr 700 000.

Det blir ikkje gitt tilskot av spelemidlane til drift, tileigning av grunn eller dekking av gjeld. Det blir heller ikkje gitt tilskot til dømes til utgifter til tribunar, parkeringsplassar, vegar, tilknytingsavgifter og transformatorar. Sjå V-0732 for fullstendig liste.

For somme anleggstypar er det fastsett særskilde tilskotssummar.

Nedanfor står maksimale tilskotssummar for ein del anleggstypar ved fordelinga av spelemidlane i 2006 (for nærmiljøanlegg gjeld eigne tilskotssatsar):

### **Skianlegg**

Slalåmbakkar og storslalåmbakkar med trekk inntil kr 1 400 000, fordelt med inntil kr 700 000 på kvar av einingane bakke og skitrekk.

Super-G og utforløyper blir vurderte særskilt.

Hoppbakkar: Bakkar med HS = 75m og større blir vurderte særskilt.

### **Fotball- og friidrettsanlegg**

Grus/gras for fotball og grus for friidrett, inntil kr 1 400 000, fordelt med inntil kr 700 000 for kvar eining.

Gras for fotball og fast dekke for friidrett, inntil kr 2 200 000, fordelt med inntil kr 700 000 på fotballbanen og kr 1 500 000 til friidrettsdelen (min. 4 500m<sup>2</sup>), inkl. underbygging.

For mindre areal blir det forholdsvis reduksjon.

Kunstgrasbane for fotball (kunstgrasflate 68 x 106 m) inkl. underbygging og lys, 1/3 inntil kr 2 500 000.

Kunstgrasbane for fotball (kunstgrasflate 44 x 64 m) inkl. underbygging og lys, 1/3 inntil kr 1 000 000.

Det er den minste banen for organisert fotball det blir gitt tilskot til.

Dette gjeld godkjende typar kunstgras.

### **Golfbanar**

9 hol: 1/3 inntil kr 2 000 000

18 hol: 1/3 inntil kr 4 000 000

### **Fleirbrukshallar**

Med aktivitetsflate meiner ein speleflate pluss sikkerheitssone.

#### 16 x 24 m

Tilskot med 2 sett garderobar og styrketreningsrom: 1/3 inntil kr 4 000 000.

#### 22 x 44 m:

1/3 inntil kr 7 000 000.

Summen inkluderer to sett garderobar og styrketreningsrom. For ekstra sett garderobar utover to sett blir det gitt kr 250 000 per sett i tilskot.

Andre storleikar blir vurderte særskilt.

Andre anleggstypar som blir bygde i samband med hallanlegga, kan få tilskot etter 1/3-regelen der ikkje anna er bestemt.

### **Isanlegg**

Bandybane: 1/3 inntil kr 4 000 000

Hurtigløpsbane: 1/3 inntil kr 3 500 000

Bandy- og hurtigløpsstadion: 1/3 inntil kr 6 500 000

285 m rundbane m bandybane: 1/3 inntil: kr 4 000 000

Ishockeybane: 1/3 inntil kr 1 500 000

Ishall: 1/3 inntil kr 6 000 000

### **Rideanlegg**

Ridehall 20 x 42 m: 1/3 inntil kr 1 000 000

Ridehall 20 x 60 m: 1/3 inntil kr 1 500 000

### **Tennisanlegg**

Tennishall med éin bane og garderobeanlegg: 1/3 inntil kr 700 000

For to banar: 1/3 inntil kr 1 200 000.

Tre eller fire banar blir vurderte særskilt.

### **Symjehallar**

Innandørs basseng: 12,5 x 8,5 m: 1/3 inntil kr 1 200 000

Innandørs basseng: 25 x 12,5 m: 1/3 inntil kr 8 000 000

Andre storleikar og typar blir vurderte særskilt.

### **Andre idrettsanlegg**

Andre anlegg kan få tilskot med inntil 1/3 av godkjend kostnad, avgrensa oppover til kr 700 000.

### **MERK:**

- Ved større anlegg er det vanleg å dele tilskotssummen over to år.
- Manglande rekneskap for tidlegare innvilga og utbetalte spelemidlar er avslagsgrunn.
- At planane er godkjende på førehand, vil ikkje seie at det automatisk blir gitt tilskot.
- Tildelte spelemidlar skal så langt det let seg gjere, brukast det året det blir gitt tilsegn.
- Forna søknad skal skrivast på søknadsskjema.

Utgitt av  
Kultur- og kyrkjedepartementet  
Idrettsavdelinga  
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo  
Tlf. 22 24 90 90 / 22 24 80 64  
e-post: [idrettsavdelingen@khd.dep.no](mailto:idrettsavdelingen@khd.dep.no)  
Publikasjonsnummer V-0534 N